

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 04.04.2018
SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow
SAKA GJELD: **Tilsynsmelding 2017**

ARKIVSAK: 2012/744
STYRESAK: **058/18**

STYREMØTE: **22.05. 2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF tek Tilsynsmelding 2017 frå Statens helsetilsyn til etterretning.

Oppsummering

Tilsynsmeldinga frå Statens helsetilsyn er ein årleg publikasjon skriven for ei brei lesargruppe, med artiklar om funn og innsikt frå klagebehandling og tilsyn med barnevern, sosial- og helsetenestene. Avslutningsvis i meldinga er det eit kapittel om tal og fakta for 2017. Tilsyna blir dels utført av fylkesmennene, og dels av Statens helsetilsyn.

Fakta

Statens helsetilsyn gir årleg ut ei melding som trekkjer fram sider ved barevern, sosial- og helsetenester som fortener offentlig merksemd og debatt. Det er Statens helsetilsyn som behandlar dei alvorlegaste tilsynssakene, og som i all hovudsak blir sende over frå fylkesmennene.

Tilsynsmeldinga er lagt ved, men er også å finne på nettsida til Statens helsetilsyn: <https://www.helsetilsynet.no/tilsynsmelding2017>

I det følgjande blir nokre av tilsyna som gjeld spesialisthelsetenesta og Helse Vest omtala nærare. Det blir elles vist til tilsynsmeldinga.

Tilsyn som gjeld spesialisthelsetenesta

I 2017 gjennomførte fylkesmennene totalt 56 planlagde tilsyn i spesialisthelsetenesta, mot 39 i 2016. 24 av tilsyna var systemrevisjonar, der dei fleste var del i det landsomfattande tilsynet med spesialisthelsetenester til pasientar med psykisk lidning og mogleg samtidig ruslidning (ROP-lidingar). Dei andre tilsyna som ikkje var systemrevisjonar, var journalgjennomgang av saker som var del av det landsomfattande tilsynet med korleis somatiske akuttinntak kjenner att og behandlar pasientar med blodforgifting (sepsis).

Statens helsetilsyn fører også jamlege tilsyn etter blodforskrifta, forskrift om handtering av humane celler og vev og forskrift om humane organ til transplantasjon. Til saman blei det utført 11 tilsyn knytt til desse forskriftene i 2017, og eitt av desse var i Helse Vest (gjaldt Helse Bergen HF, tilsynet lukka den 10.11.2017).

Kommentarar

ROP-lidingar

Når det gjeld spesialisthelsetenester til pasientar med psykisk lidning og mogleg samtidig ruslidning (ROP-lidingar), blei det gjennomført tilsyn i ein allmennpsykiatrisk poliklinikk i kvart av helseføretaka på Vestlandet i 2017. Ein erfaringskonsulent med brukarerfaring deltok i førebuing og gjennomføring av eitt tilsyn. Det blei undersøkt om helseføretaka legg til rette for og følgjer opp at desse pasientane i DPS-poliklinikk får tenester som er prega av ei samordna og heilskapleg tilnærming gjennom pasientforløpet, der det er ein føresetnad at pasientane er tilstrekkeleg utgreidd for både psykisk lidning og rusmiddel-problematikk. Det blei avdekt avvik, som handla om brot på krav til styring og kvalitetsforbetring av tenestene i poliklinikkane, i tre av dei fire tilsyna. I Helse Førde HF blei det ikkje funne avvik frå lov eller forskrift.

Sepsis

I perioden 2016-2018 har fylkesmennene undersøkt korleis somatiske akuttmottak identifiserer og behandlar pasientar med eventuell blodforgifting (sepsis). Bakgrunnen for at sepsis blei valt som tema var at Helsetilsynet hadde motteke mange varsel om hendingar med svikt i behandlinga av desse pasientane. For pasientar med blodforgifting aukar dødelegheita dersom antibiotikabehandling ikkje kjem raskt i gang.

I det landsomfattande tilsynet «Stopp sepsis» blei det gjennomført tilsyn med akuttmottaka i dei fire største sjukehusa i Helse Vest i 2016, der til saman 263 pasientjournalar og 66 journalar frå kvart sjukehus blei gjennomgått (65 frå Førde). Tilsyna viste at det ved alle sjukehusa var jamleg brot på dei nasjonale retningslinjene for sepsisbehandling, som tilrår å starte med antibiotikabehandling innan ein time etter innkomst i sjukehus. Det er svært alvorleg når pasientar med livstruande tilstand har måtta vente for lenge før dei fekk antibiotikabehandling. I tilsynsrapporten blir det peikt på fleire grunnar til svikt i pasientbehandlinga:

- sjukehusleiinga i helseføretaka har ikkje tilstrekkeleg kunnskap om faktisk aktivitet og drift i akuttmottaket
- mangel på erfarne legar i akuttmottaket
- uoversiktlege lokale og plassmangel
- svikt i kommunikasjon mellom akuttmottak og sengepost.

Helsetilsynet vil følge opp om pasientane får behandling i tråd med dei nasjonale faglege retningslinjene gjennom 2018.

For oversikt over status på tilsynssakene knytt til ROP-lidingar og sepsis som framleis er opne, sjå AD si orientering – rapportering av tilsynssaker.

Vedlegg:

1 Tilsynsmelding 2017